MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	**Arbeidsutvalet i Stord sokneråd**
Tid:	**Onsdag 5. august 2020**
	Kl. 14.30 – 16.00
Møtestad:	**Kyrkjekontoret (Hamnegata 48)**

Til stades: Anders Dahl, Olav Johannes Oma, Dag Sele
Refererte saker er handsama på vegne av Stord sokneråd med bakgrunn i generelt mandat til arbeidsutvalet og utvida sommarfullmakt.

SAKLISTE

2020/41- 130 Årsrekneskap 2019

Årsrekneskapen for 2019 er avlagd og revidert og viser eit driftsoverskot/mindreforbruk på kr. 163 390. Revisor har påpeikt enkelte forhald som administrasjonen vil utbetra, og påpeiker og at årsrekneskapen ikkje vart avlagd innan utløpet av lovens frist (1.april). Revisjonsmeldinga er datert 8.juni 2020, og det er såleis betring frå 2018-rekneskapen (godkjent i oktober 2019).

Vedtak:
Stord sokneråd tek revisjonsmeldinga frå KPMG til orientering og godkjenner rekneskapen for 2019. Driftsoverskotet for 2019 vert sett av på ubunde fond (tiltenkt formål Kyrkjelydshus). Soknerådsleiar bes følgje opp avvika og problemet med for sein avlegging av rekneskapen (frå kommunen) med kyrkjeverja.

Samrøystes.

2020/42- 002 Søknad om permisjon

Johannes Lamo har søkt om permisjon frå vervet som medlem i Stord sokneråd frå 1.august 2020 til 1.august 2021.

Vedtak:
Stord sokneråd godkjenner søknaden om permisjon.
Soknerådet bes drøfte erstattar i trusopplæringsutval på neste møte.

Sigrid Beate Tveit Eskeland blir då fast medlem i soknerådet i perioden 1.aug 2020 til 1.aug 2021, og Signe Vorland vil møte fast som ny 1.vara.

Samrøystes.

2020/43- 210 Høyringsuttale, stillingar og tilsetjing

Unnateke offentleg innsyn, jfr Offentleglova §13

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
nestleiar
sign